

Luftrykk

Kva skjer når varme luftmolekyler blir avkjølt inni ei tom plastflaske?

AV GRO WOLLEBÆK | PUBLISERT 3. APR. 2018 | OPPDATERT 14. APR. 2020

En jente holder opp to tomme vannflasker

Foto: Shutterstock

Du treng:

- Ei tom plastflaske med kork
- Varmt og kaldt vatn

Slik gjer du:

1. Fyll flaska med varmt vatn.
2. Hell ut vatnet.
3. Skru igjen korken.
4. Hald flaska under kaldt vatn.

Kva skjer?

Når du tek varmt vatn i flaska, varmar du opp luftmolekyla inni flaska. Varme molekyl sprett fort rundt, og nokre av dei hoppar også ut av flaska. Når du held flaska under kaldt vatn, vil molekyla/lufta bli avkjølt. Molekyla sprett ikkje lenger rundt.

I tillegg er det no færre molekyl inni flaska enn utanfor flaska. Lufta utanfor pressar på og får ingen motstand. Det er ikkje nok molekyl i flaska til å halde imot presset utanfrå. Flaska blir då pressa saman.

REALFAG FYSIKK EKSPERIMENT

Meldinger ved utskriftstidspunkt 10. april 2025, kl. 22.50 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.